

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 16.05.2007
Sakhandsamar: Vibeke Vikse
Saka gjeld: **Oppretting av konsernhovudverneombod**

Utsett frå styremøte 23. 05. 2007

Arkivsak

2003/797/012

Styremøte 27.06.2007

Styresak 046/07 B

Bakgrunn:

Systemet for HMS skal vere føretaka sin viktigaste reiskap for å skape ein trygg og sikker arbeidsplass. Systemet skal vere eit hjelpemiddel for å møte dei ulike utfordringane innan HMS området som føretaka står overfor, og som mellom anna er påpeikt i Arbeidstilsynet sin kampanje "God Vakt" i 2005/2006.

Arbeidstilsynet anbefaler i rapporten sin ei ordning med regionalt hovudverneombod:

"Arbeidstilsynet har stilt krav i forhold til det enkelte helseforetak som juridisk ansvarlig arbeidsgiver. Den enkelte helseregion har på eget grunnlag vurdert behovet for å etablere samarbeidsarenaer og dialog med foretakene i arbeidsmiljøssammenheng på regionalt nivå. En av helseregionene, Helse Sør, har etablert en ordning med regionalt hovedverneombud. Arbeidstilsynet ser dette som svært positivt og mener dette vil bidra til en bedre koordinering mellom vernetjenesten på foretaksnivå og muligheter for læring og utvikling knyttet til arbeidsmiljøtema i helseregionen. De regionale foretak har gjennom avtaleverket løpende dialog med de ansattes fagorganisasjoner via «konserntillitsvalgte». Arbeidstilsynet mener det er naturlig og hensiktsmessig at tilsvarende medvirkningsmuligheter etableres for vernetjenesten på regionalt nivå."

Det er allerede etablert eit godt samarbeid mellom vernetenesta og Helse Vest RHF. Med bakgrunn i dette vil det no vere naturleg å løfte dette opp som ein av strategiane for eit ytterlegare fokus på førebygging og vidareutvikling på HMS området.. For hovudverneomboda i føretaka er det krevjande å bidra nok i regionale prosjekt, men særleg vanskeleg er det å prioritere oppgåver i RHFet i forhold til eige HF. Det har og kome til nye oppgåver for vernetenesta, mellom anna opprettinga av eit HMS-råd og deltaking i ulike nasjonale prosjekt.

Også i Helse Sør, Helse Midt og Helse Nord er det etablert ei ordning med konsernverneombod, evalueringa, i mellom anna Helse Sør, er ordninga konkludert som vellykka av alle paratar.

Kommentarar:

Helse Vest består av 7 verksemdar; 4 helseføretak, Apoteka Vest, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF. Sett i samband med dette er det eit behov for å få oppretta éin funksjon som kan bidra til å løfte vernetenesta og medverka til ein god utvikling på tvers av verksemdene.

Alle helseføretaka har løypande pålegg frå Arbeidstilsynet om å sikre balanse mellom oppgåver og ressursar, samtidig med at føretaka har stramme krav til økonomisk styring og balanse. Arbeidstilsynet meiner at dette er utfordringar som og må bli gitt eit nasjonalt fokus gjennom klare styringssignal, som i større grad set fokus på dei tilsette sin arbeidssituasjon. RHF'a spelar ei viktig rolle her.

For å styrke HMS-arbeidet i føretaksgruppa, trengs det organisatoriske ledd på RHF-nivå. Dette for både å gi råd til RHF-leiinga, men og vere med på å legge føringar for HFa, samt for å bidra til ei strategisk utvikling på HMS området.

Å opprette eit konsernhovudverneombod i Helse Vest vil vere eit viktig bidrag for å styrke det systematiske HMS-arbeidet i heile føretaksgruppa Helse Vest, som allereie er eit "føregangsarbeid". Samstundes vil ein synleggjere at HMS er ei viktig sak i heile føretaksgruppa, frå topp til botn, noko som vil gje ein viktig signaleffekt i heile organisasjonen.

Ved å opprette eit konsernhovudverneombod kan RHF'et, i tillegg til å vere ein tydeleg bestillar når det gjeld arbeidsmiljøet, i større grad legge til rette for erfaringsutveksling mellom føretaka.

Ein annan viktig funksjon for eit konsernhovudverneombod vil vere å ivareta interessene til medarbeidarane overfor konsernleiinga, i saker som blir behandla på konsernnivå og som har betyding for medarbeidarane i konsernet som heilskap, med dei grensegangane det framleis vil vera, då helseføretaka er den ansvarlege arbeidsgjevar i alle høve. Helse Vest kan saman med eit regionalt hovudverneombod vidareutvikla vernetenesta slik at ein også på dette området understøtta områda som er påpeika i Helse2020. Vernetenesta har ofte andre tilnærmingar og syn enn det som følgjer av rolla som tillitsvalde. Det er difor viktig at også desse perspektiva blir tekne omsyn til i ulike prosjekt og utviklinga av føretaksgruppa og dei strategiar og mål som er sett i Helse2020.

Konsernhovudverneombodet skal aktivt bidra til utvikling av Helse Vest RHF sin strategi og verdigrunnlag innan vernetenesta. Dette skjer mellom anna gjennom samarbeid, informasjon, erfaringsoverføring, rettleiing, nettverksbygging mm.

Ein vil kome nærare tilbake til korleis konsernhovudverneombod skal bli oppnemnd/valt. Ein vil etablera eit samarbeid som vidarefører HMS gruppas arbeid i MOT prosjektet, og dei føresetnader som er lag til grunn for etablering av HMS utval og HMS råd for føretaksgruppa.

Forslag til vedtak:

Det blir oppretta eit konsernhovudverneombod for Helse Vest i 100 % stilling frå januar 2008.